

ARBEIDSGRUPPE 3 – AVTALAR,

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune

Tiltaksrapport



Innledning

Vinje kommune har et omstillingsbehov på 20 millioner kroner frem mot 2030 for å kunne skape balanse imellom inntekter og utgifter, håndtere betydelig økte rente- og avdragskostnader i kommende økonomiplanperiode samt ha tilstrekkelig netto driftsresultat til å tåle svingninger i både kostandene og inntektene imellom år.

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje

Vinje kommune har igangsatt et omstillingsarbeid under navnet *Nye Vinje*. Kommunedirektøren har organisert prosjekter med en overordnet styringsgruppe bestående av kommunedirektørens ledergruppe. Det er leid inn ekstern hjelp fra KS Konsulent as ved Håvard Moe (havard.moe@ks.no) for å bistå kommunedirektøren i arbeidet.

Våren 2026 skal de identifisere mulige områder hvor det er et potensial for mer kostnadseffektiv drift i Vinje. Arbeidet som gjøres må være tilstrekkelig grundig til å kunne gi kommunedirektøren og kommunestyret et grunnlag for å foreta en prioritering av disse arbeidsgruppene i en *rammesak* i kommunestyret i september 2026. De gruppene som blir prioritert inn i budsjett 2027, må da utredes i henhold til gjeldene regler for saksbehandling høsten 2026, med mål om vedtak i desember 2026. Ikke-prioriterte tiltak/arbeidsgrupper for 2027 legges i økonomiplanen for 2027-2029 (med mindre kommunestyret velger å ta de helt ut).

Det kan være at enkelte av arbeidsgruppene skal iverksettes før dette, men dette vil i så fall avklares med den enkelte arbeidsgruppeledere.

Dette dokumentet skal brukes som mal for å rapportere på resultatet av det arbeidet som er utført i arbeidsgruppen.

1. Mandat og rammer

Dagens utfordringsbilde

Arbeidsgruppa har identifisert fleire sentrale utfordringar knytt til kommunen si forvaltning av digitale system og IT-løysingar.

Manglande samla systemoversikt	Kommunen har i dag ikkje ei fullstendig og oppdatert oversikt over alle system, applikasjonar og digitale løysingar på tvers av kommunalområda. Dette gjeld både lokale installasjonar, skyløysingar og ulike fagapplikasjonar (apps). Me er i gang med innføring av "Samsvar", eit produkt som vi bidra til å gje oss betre oversikt framover.
Avgrensa innsikt i kostnader	Kostnader knytt til lisensar, drift, support og vidareutvikling er i stor grad spreidde og delvis uoversiktlege. Dette gjer det vanskeleg å ha ei heilskapleg styring av dei samla IT-kostnadene og samtidig unngå unødvendig innkjøp.
Parallelle og overlappande løysingar	Det finst fleire døme på system med overlappande funksjonalitet, ofte som resultat av lokale behov og historiske val. Dette fører til unødvendig kompleksitet og auka kostnader.
Ujamn utnytting av eksisterande system	Eksisterande løysingar blir ikkje alltid nytta fullt ut, ofte grunna manglande opplæring, ulik praksis eller manglande koordinering og kommunikasjon. Dette kan bidra til at behov blir løyste gjennom nye anskaffingar i staden for betre bruk av det kommunen allereie har.
Manglande tydeleg eigarskap og ansvar	For enkelte system er det uklart kven som har eigarskap og ansvar for forvaltning, vidareutvikling og kostnader. Dette aukar risikoen for ineffektiv bruk og manglande oppfølging.
Avgrensa systematikk i gjennomgang og opprydding	Det er i dag ikkje etablert ein fast og heilskapleg praksis for jamleg gjennomgang av systemporteføljen, lisensar og leverandøravtalar. Dette gjer det vanskeleg å identifisere potensial for forenkling, samordning og avvikling.

Samla sett fører desse utfordringane til at kommunen ikkje utnyttar det fulle potensialet for effektivisering, innsparing og betre styring innanfor digitalisering og IT.

2 Organisering og gjennomføring

Arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa er tverrfagleg og består av:

Margit Karlsen	Kommunalsjef	Arbeidsgruppeleder
Ingrid S. Tveito	Kontroller	Arbeidsgruppedeltaker

Grunde Seltveit	Dagleg leiar VTDS	Arbeidsgruppedeltaker
Kyrre Hegg	Digitaliseringskoordinator	Arbeidsgruppedeltaker
Ånund Ljostad	Arkivmediarbeiar	Arbeidsgruppedeltaker
Vivi Smidesang	Konsulent - oppvekst	Arbeidsgruppedeltaker

Arbeidsgruppa skal kartlegge, analysere og foreslå tiltak for effektivisering og innsparing knyttet til

- digitale verktøy og system
- programvarelisenser
- rammeavtaler og leverandøravtaler innanfor IT

Arbeidet skal munne ut i konkrete, realistiske og gjennomførbare forslag til tiltak som kan gje:

- reduserte kostnader
- betre utnytting av eksisterande løysingar
- meir heilskapleg styring og forvaltning av ressursar (menneskeleg og digitale)

Framdriftsplan

Tidsplan	Ukenummer											
Aktiviteter	18	19	20	21	22	23	24	25	26	27	28	
Oppstartsmøte	X											
Arbeidsmøte 2			X									
Arbeidsmøte 3						X						
Arbeidsmøte 4									X			
Sluttrapport ferdig										X		

3.0 Utredning

Dette er eit omfattande og ressurskrevjande arbeid som involverer mange. Ein fullstendig gjennomgang av alle systema i kommunen er ikkje realistisk innanfor tidsramma arbeidsgruppa har hatt til rådvelde. Samstundes er kapasiteten i organisasjonen avgrensa, då alle leiarar og fleire andre medarbeidarar er involverte i ulike arbeidsgrupper parallelt.

Arbeidsgruppa har difor kome fram til eit sett med prinsipp som vi tilrår blir innarbeidde i eksisterande rutinar og gjorde godt kjende i heile organisasjonen. I tillegg har arbeidsgruppa utarbeidd ein plan for ein heilskapleg gjennomgang av alle systema i kommunen.

3.1 Prinsipp for styring, bruk og vidareutvikling av digitale verktøy og IT-løysingar

Arbeidsgruppa har i sitt arbeid erfart at det er avgrensa handlingsrom for å peike på konkrete digitale system eller løysingar som kan avviklast direkte på tvers av heile organisasjonen. Ansvar og behov knytt til mange løysingar ligg i lineorganisasjonen, og må vurderast av den einskilde leiar i lys av faglege krav og tenestebehov.

Samtidig ser arbeidsgruppa eit tydeleg potensial for effektivisering og innsparing gjennom meir systematisk og heilskapleg styring av korleis kommunen anskaffar, bruker og forvaltar digitale verktøy og IT-løysingar over tid. På denne bakgrunnen foreslår arbeidsgruppa at kommunen innfører eit sett med overordna prinsipp som skal leggje føringar for framtidige val og prioriteringar innan digitalisering og IT.

Desse prinsippa er meint å fungere som styringsverktøy og støtte for lineleiarar og administrativ leiing. Digitaliseringskoordinator skal involverast som ein fast del av vurderings- og beslutningsgrunnlaget ved nye anskaffingar og digitale endringar.

1. Eksisterande løysingar skal vurderast før nye kjøp

Behov for nye system eller funksjonalitet skal alltid vurderast opp mot eksisterande løysingar før nye innkjøp blir foreslått. Betre utnytting av system kommunen alt disponerer, inkludert opplæring og endra arbeidsmåtar, skal vurderast som alternativ til nye anskaffingar.

2. Krav om implementeringsplan og ressursar

Nye system og større utvidingar skal ikkje anskaffast før det ligg føre ein realistisk implementeringsplan. Planen skal avklare ansvar, tidsbruk, ressursbehov og tiltak for opplæring og oppfølging i full skala. Formålet er å sikre at løysingar faktisk blir tekne i bruk og gjev forventa gevinst. Det er eit krav om å koble på andre relevante fagverksemder på eit tidleg tidspunkt, m.a. arkiv og VTDS.

Anskaffing av nye system og større lisensutvidingar skal vere forankra i kommunens budsjett og bli vurdert opp mot overordna mål for digitalisering, organisasjonsutvikling og tenesteproduksjon. Individuelle ad hoc-anskaffingar er ikkje tillat.

3. Heilskapleg økonomisk vurdering (livsløpskostnad)

Ingen nye digitale system eller løysingar kjøpast inn utan at samla livsløpskostnad er vurdert, synleggjort, vedteken av kommunedirektøren og forankra i budsjettet. Livsløpskostnader er kostnader knytt til lisensar, drift, forvaltning, support, opplæring og vidareutvikling. Det skal vere avklart at løysinga kan finansierast innanfor eksisterande eller planlagt driftsbudsjett over tid.

4. Standardisering framfor parallelle løysingar

Kommunen skal så langt det er mogleg unngå parallelle system med overlappande funksjonalitet. Felles og standardiserte løysingar skal prioriterast framfor lokale særloysingar. Eventuelle avvik frå standard skal vere grunngitte og forankra i både budsjettet og hos leiinga.

5. Tydeleg eigarskap og forvaltningsansvar

Alle digitale system og løysingar skal ha avklart systemeigarskap og forvaltningsansvar. Det skal vere tydeleg kven som har ansvar for kostnader, bruk, vidareutvikling og vurdering av relevans over tid. System utan tydeleg eigarskap representerer auka risiko for ineffektiv bruk og unødige kostnader.

6. Jamleg gjennomgang av system, lisenser og avtalar

Kommunen skal etablere ein fast praksis for jamleg og systematisk gjennomgang av digitale system, programvarelisenser og leverandøravtalar. Gjennomgangen skal vurdere:

- faktisk bruk opp mot betalt omfang
- overlappande eller parallelle system
- relevans for dagens og framtidige behov

- moglegheiter for reduksjon, samordning eller avvikling

Leiargruppa står ansvarleg for at det blir gjennomført heilskaplege gjennomgangar med sikte på å rydde i system som er dobbelt opp, og sikre at kommunen har eit føremålstenleg og oversiktleg systemlandskap.

Som del av dette ansvaret skal leiargruppa også sikre at nødvendige og lovpålagdt vurderingar er gjennomførte, t.d.:

- Risikoanalysar (ROS) der dette er eit krav eller er ei føresetnad
- personvernkonsekvensvurderingar (DPIA) der behandling av personopplysningar tilseier det

Digitaliseringskoordinator skal involverast i gjennomgangane og bidra til samla oversikt, samordning og etterleving av krav til styring, informasjonssikkerheit, dokumentasjon og personvern. Dette registrerast i Samsvar.

3.2 Plan for systemgjennomgang

Fullstendig systemoversikt på tvers av alle kommunalområde – gjeld alle løysingar, sky, app, m.m.

1. Hovudmål

- Redusere tal system og fjerne dobbeltløysingar
- Redusere lisenskostnader og unødvendig kostnader
- Sikre etterleving av GDPR (personvern og informasjonssikkerhet), arkivlova og andre relevante og kommande lovverk (informasjonsforvaltning)
- Etablere varig styring av systemporteføljen
- Meir effektiv utnytting av system og sikre optimal samhandling mellom system (verksemdsarkitektur)
- 2. *Organisering*
- Etablere styringsgruppe (leiargruppe)
- Opprette prosjektgruppe med digitaliseringskoordinator og ein representant frå kvar kommunalområde
- Arbeidsgrupper i alle kommunalområde representert ved systemansvarleg

3. Kartlegging

- Kartlegge alle system, lisensar og kostnader
- Kartlegge bruk, integrasjonar og funksjon
- Samle data i felles mal

4. Vurdering og analyse

- Identifisere dobbelt system og overlapp
- Gjennomføre kostnadsanalyse
- Klassifisere system (behalde, konsolidere, avvikle)

5. Tiltak

- Avvikle overflødige system
- Standardisere på felles løysingar
- Sikre bruk av eksisterande system

6. Varig styring

- Årleg gjennomgang av systemporteføljen
- Sentral system for godkjenning av innkjøp/avtalar
- Årleg rapportering til leiargruppe

4. Gevinstrealisering

Tabellen viser oversikt over arbeidsgruppens forslag til tiltak for å nå målsettingen. Tabellen inneholder navn på tiltak, kvalifisert anslag på mulig besparelse i 2026 og 2027 (når fullt implementert) og forutsetninger for at tiltaket skal kunne realiseres i økonomisk innsparing.

Forventa gevinster:

Innføring av prinsippa og gjennomføring av ein heilskapleg systemgjennomgang vil kunne gi fleire vesentlege gevinstar for kommunen:

Gevinst	Skildring
Reduserte kostnader	Betre oversikt over lisensar, avtalar og bruk vil gjere det mogleg å redusere unødvendige kostnader, avvikle overflødige system og unngå dobbeltløyisingar.
Meir effektiv ressursbruk	Auka utnytting av eksisterande system og meir standardiserte løysingar vil bidra til meir effektive arbeidsprosessar og mindre behov for lokale tilpassingar.
Styrkt styring og kontroll	Klare prinsipp for anskaffing, eigarskap og forvaltning vil gi betre styring av den samla systemporteføljen og tydelegare ansvarslinjer.
Betre etterleving av regelverk	Systematisk arbeid med ROS-analysar, personvernkonsekvensvurderingar og dokumentasjon vil styrkje etterlevinga av krav til personvern og informasjonssikkerheit (GDPR).
Meir oversiktleg systemlandskap	Reduksjon i tal system og betre samordning vil gi enklare kvardag for tilsette og redusere kompleksitet i organisasjonen.
Auka gevinstrealisering ved nye løysingar	Krav om implementeringsplan og forankring vil bidra til at nye digitale løysingar faktisk blir tekne i bruk og gir ønskt effekt.
Betre grunnlag for framtidige prioriteringar	Ei samla oversikt over system, kostnader og behov vil gi leiinga eit betre grunnlag for strategiske val innan digitalisering og utvikling.

5. Oppsummering av hele arbeidsgruppen

Beskrivelse	Risiko, konsekvenser og forsvarlighet
• Eksisterande løysingar skal vurderast før nye kjøp: Behov for nye system eller funksjonalitet skal alltid vurderast opp mot eksisterande løysingar før nye innkjøp blir foreslått. Betre utnytting av system kommunen alt disponerer, inkludert opplæring og endra arbeidsmåtar, skal vurderast som alternativ til nye anskaffingar.	• Kravet om å vurdere eksisterande system før nye kjøp kan redusere risikoen for parallelle løysingar og unødvendige investeringar. • Tiltaket kan krevje opplæring og endra arbeidsmåtar for å utnytte eksisterande funksjonalitet betre. Dette kan føre til noko auka ressursbruk på kort sikt, men vil kunne gje gevinstar gjennom meir effektiv

	drift og redusert behov for nye system på lengre sikt. Samla sett vurderast tiltaket å ha låg risiko og overvegande positive konsekvensar dersom det blir følgt opp med god forankring, involvering og opplæring.
• Krav om implemteringsplan og ressursar: Nye system og større utvidingar skal ikkje anskaffast før det ligg føre ein realistisk implemteringsplan. Planen skal avklare ansvar, tidsbruk, ressursbehov og tiltak for opplæring og oppfølging i full skala. Formålet er å sikre at løysingar faktisk blir tekne i bruk og gjev forventa gevinst. Det er eit krav om å koble på andre relevante fagverksemdar på eit tidleg tidspunkt, m.a. arkiv og VTDS. Anskaffing av nye system og større lisensutvidingar skal vere forankra i kommunens budsjett og bli vurdert opp mot overordna mål for digitalisering, organisasjonsutvikling og tenesteproduksjon. Individuelle ad hoc-anskaffingar er ikkje tillat.	• Tiltaket vurderast som forsvarleg fordi det stiller krav til planlegging, ressursvurdering og forankring før nye system blir anskaffa. Dette reduserer risikoen for feilkjøp, manglande gevinstrealisering og løysingar som ikkje blir tekne i bruk som føreset. • Krav om implemteringsplan og involvering av relevante fagmiljø tidleg i prosessen kan styrkje kvaliteten på anskaffingane og bidra til betre samordning av behov knytt til drift, arkiv, informasjonssikkerheit og forvaltning. • Ei mogleg konsekvens er at anskaffingsprosessane kan bli meir tidkrevjande og krevje meir ressursar i planleggingsfasen. Dette kan føre til noko lengre tid frå behov blir identifisert til løysinga er på plass. Samstundes reduserer tiltaket risikoen for kostbare omkampar, manglande opplæring og utilstrekkeleg implemtering. En svak implemtering er svært kostbar, både økonomisk og arbeidsmiljømessig. • Krav om budsjettforankring og avgrensing av ad hoc-anskaffingar vil kunne gi betre økonomisk styring og meir heilskaplege prioriteringar. Samla sett vurderast tiltaket å ha låg risiko og overvegande positive konsekvensar for økonomi, styring og tenestekvalitet.
• Heilskapeleg økonomisk vurdering (livssykluskostnader): Ingen nye digitale system eller løysingar kjøpast inn utan at samla livsløpskostnad er vurdert, synleggjort, vedteken av kommunedirektøren og forankra i budsjettet. Livsløpskostnader er kostnader knytt til lisensar, drift, forvaltning, support, opplæring og vidareutvikling. Det skal vere avklart at løysinga kan finansierast innanfor	• Tiltaket vilt sikre at dei samla kostnadene ved nye digitale løysingar blir grundig vurdert før anskaffing. Krav om vurdering av livsløpskostnader reduserer risikoen for at kommunen påtek seg framtidige drifts- og forvaltningskostnader som ikkje er tilstrekkeleg finansierte. Tiltaket kan bidra til betre økonomisk styring og meir berekraftige investeringar ved at kostnader

eksisterande eller planlagt driftsbudsjett over tid.	til lisensar, drift, support, opplæring og vidareutvikling blir synleggjorde før vedtak blir fatta. • Ei mogleg konsekvens er at anskaffingsprosessane kan bli meir omfattande og krevje meir tid til analyse og budsjettvurderingar. Dette kan føre til at enkelte investeringar blir utsette, men reduserer samtidig risikoen for feilinvesteringar og uventa kostnadsauke i driftsfasen. Kravet om forankring hos kommunedirektøren og i budsjettet styrkjer den strategiske styringa og sikrar at nye løysingar er i tråd med kommunen sine prioriteringar. • Samla sett vurderast tiltaket å ha låg risiko og overvegande positive konsekvensar for økonomisk kontroll, langsiktig berekraft og forsvarleg forvaltning av kommunen sine digitale løysingar.
• Standardisering framfor paralelle løysingar: Kommunen skal så langt det er mogleg unngå paralelle system med overlappande funksjonalitet. Felles og standardiserte løysingar skal prioriterast framfor lokale særøysingar. Eventuelle avvik frå standard skal vere grunngitte og forankra i både budsjettet og hos leiinga.	• Tiltaket legg til rette for betre styring av kommunen si systemportefølje og reduserer risikoen for dobbelt-funksjonalitet og unødvendige kostnader. Standardisering kan gi lågare drifts- og lisenskostnader, enklare forvaltning og meir effektiv opplæring og brukarstøtte. • Ei mogleg konsekvens er at enkelte fagmiljø kan oppleve at standardløysingar ikkje dekkjer alle lokale behov like godt som spesialtilpassa løysingar. Tiltaket kan derfor krevje endringar i arbeidsprosessar og tilpassing til felles arbeidsmåtar. Samstundes reduserer det risikoen for fragmenterte løysingar, uoversiktleg systemforvaltning og aukande driftskostnader over tid. • Krav om at avvik frå standard skal vere grunngitte og forankra i budsjettet og hos leiinga, styrkjer kontrollen med nye investeringar og sikrar meir heilskaplege vurderingar. Samla sett vurderast tiltaket å ha låg risiko og overvegande positive

	konsekvensar for økonomi, styring og langsiktig berekraft i kommunen sine digitale løysingar.
Tydeleg eigarskap og forvaltningsansvar: Alle digitale system og løysingar skal ha avklart systemeigarskap og forvaltningsansvar. Det skal vere tydeleg kven som har ansvar for kostnader, bruk, vidareutvikling og vurdering av relevans over tid. System utan tydeleg eigarskap representerer auka risiko for ineffektiv bruk og unødige kostnader.	- Tiltaket plasserer ansvar for kostnader, bruk, vidareutvikling og oppfølging av digitale system hos ein definert systemeigar. Tydeleg eigarskap reduserer risikoen for at system blir ståande utan nødvendig forvaltning, oppfølging eller vurdering av om dei framleis er relevante for kommunen sine behov. - Tiltaket kan føre til betre økonomisk kontroll, meir målretta bruk av ressursar og raskare avklaringar ved behov for endringar eller investeringar. - Ei mogleg konsekvens er at enkelte leiarar eller fagmiljø får eit større ansvar for oppfølging og rapportering knytt til system dei eig. Dette vil krevje tydelege roller, mandat og kompetanse for å fungere etter intensjonen. - Manglande eigarskap til system representerer ein risiko for ineffektiv bruk, unødige kostnader og uklare beslutningsprosessar. Tiltaket vil redusere denne risikoen og styrkje grunnlaget for systematiske vurderingar av kostnader, gevinstar og vidare utvikling. - Samla sett vurderast tiltaket å ha låg risiko og overvegande positive konsekvensar for styring, økonomi og langsiktig forvaltning av kommunen sine digitale løysingar.
- Jamleg gjennomgang av system, lisensar og avtalar: Kommunen skal etablere ein fast praksis for jamleg og systematisk gjennomgang av digitale system, programvarelisenser og leverandøravtalar. Gjennomgangen skal vurdere: - faktisk bruk opp mot betalt omfang - overlappande eller parallelle system - relevans for dagens og framtidige behov - moglegheiter for reduksjon, samordning eller avvikling Leiargruppa står ansvarleg for at det blir gjennomført heilskaplege gjennomgangar med sikte på å rydde i system som er dobbelt opp, og sikre at kommunen har eit	Tiltaket vurderast som forsvarleg fordi det etablerer ein systematisk praksis for å vurdere om kommunen sine digitale løysingar er relevante, kostnadseffektive og i samsvar med gjeldande krav. Jamlege gjennomgangar av system, lisensar og avtalar kan redusere risikoen for overkapasitet, dobbeltløysingar og unødige kostnader. Tiltaket vil kunne gi betre økonomisk kontroll, meir målretta bruk av digitale verktøy og eit meir oversiktleg systemlandskap. Samtidig kan gjennomføring av regelmessige gjennomgangar krevje tid og ressursar frå både leiarar og fagmiljø. Det kan også oppstå behov for endringar i arbeidsprosessar dersom system eller lisensar blir avvika eller samordna. [Prinsippdokument Word], [Mandat og...r arbeidet Word] Krav om å vurdere ROS-analyser, personvernkonsekvensvurderingar (DPIA) og andre lovpålagde forhold styrkjer arbeidet

føremålstenleg og oversiktleg systemlandskap. Som del av dette ansvaret skal leiargruppa også sikre at nødvendige og lovpålagdt vurderingar er gjennomførte, t.d.: ○ Risikoanalysar (ROS) der dette er eit krav eller er ei føresetnad ○ personvernkonsekvensvurderingar (DPIA) der behandling av personopplysningar tilseier det Digitaliseringskoordinator skal involverast i gjennomgangane og bidra til samla oversikt, samordning og etterleving av krav til styring, informasjonssikkerheit, dokumentasjon og personvern.	med informasjonssikkerheit, personvern og etterleving av regelverk. Involvering av digitaliseringskoordinator bidreg til betre samordning, dokumentasjon og oversikt over kommunen sine digitale løysingar. [Prinsippdokument Word] Samla sett vurderast tiltaket å ha låg risiko og overvegande positive konsekvensar for økonomi, styring, informasjonssikkerheit og langsiktig forvaltning av kommunen sine digitale system og avtalar.
--	---

<i>Beløp i 1000 kr*</i>	2027	2028	2029	2030
<i>Tiltak</i>	-	-	-	-
<i>Eksisterande løysingar skal vurderast før nye kjøp</i>	200	200	200	200
<i>Krav om implenteringslan og ressursar</i>	50	50	50	50
<i>Heilskapeleg økonomisk vurdering (livssyklusluskostnadar) før innkjøp</i>	100	100	100	100
<i>Standardisering framfor parallele-løysingar</i>	200	200	200	200
<i>Tydeleg eigarskap og forvaltningsansvar</i>	25	25	25	25
<i>Jamleg gjennomgang av system, lisensar og avtalar</i>	25	25	25	25
<i>SUM</i>	600	600	600	600

*Beløpa er estimert og usikre, men ved å implementere og gjennomføre tiltaka som beskrevet i rapporten, vil dette helt klart føre til økonomisk innsparing. Estimatenes er konservative. Menneskelege kostnadar kan vere store og er vanskeleg å berekne.

